

Granvin bygdetun etter 1.1.2020

Granvin herad og Voss kommune slår seg saman frå 1.1.2020. Det vil bli store endringar særleg i Granvin og endringa vil også påverka Granvin bygdetun. Fram til no har Granvin hatt eigen kulturkonsulent som har vore i nærleiken og alltid tilgjengeleg. Etter samanslåinga vil administrasjonen bli flytt til Voss og avstanden blir større og den daglege oppfølginga vanskelegare.

Gjennom Spelarhola og Nøringen har me det siste året fått ein auka bruk av tunet, særleg av born. Dette har vore veldig positivt både for heradet og bygdefolket. For å sikra at Granvin bygdetun framleis kan vere eit ope og levande tun, ynskjer heradet å prøva ut konseptet med buande vertskap, og me har invitert Alexander Røynstrand til å ta på seg denne rolla. Opplegget inneber at det buande vertskapet, mot ei rimeleg husleige, tek ansvar for tilsyn og formidling av tunet i samarbeid med venelaget.

Med unntak av Løflotstova, vil bygdatunet ikkje bli stengt for publikum, tvert om. Gjennom denne ordninga vil me sikre at me framleis har eit aktivt og levande bygdemuseum. Alexander har også mange idear om ny aktivitet i tunet.

Når det gjeld samlinga til Anders Kjerland vil me flytta denne til ei anna høveleg stad i museet og helst bygga den ut. På denne måten vil utstillinga bli meir tilgjengeleg ved at me no vil ha nokon i nærleiken som kan ta omvisingar.

Me håper bygdafolket vil støtte opp om dette prosjektet og halde fram med å bruka bygdatunet for rekreasjon, inspirasjon og glede.

Med helsing

Granvin herad

